

Det kongelige kommunal- og moderniseringsdep.
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
9901046-20 16/1173

Arkivkode:
K1 - 103

Dato:
28.01.2016

UTTALE - FORSLAG TIL NYTT INNTEKTSSYSTEM

Kommunestyret i Suldal handsama saka i møtet 26.01.16, sak 006/16, og gjorde slikt vedtak:

- Suldal kommune er positive til at regjeringa i større grad vil vektleggje reiseveg ved berekning av basistilskotet. Vektlegging av reiseveg bør vere like aktuelt på andre områder. Regjeringa bør og ta omsyn til faktisk reiseveg i mellom kommunesentra A og kommunesentra B for å gjere strukturkriteriet meir treffsikkert.
- Det er eit paradoks at regjeringa vil vektleggje reiseveg i basistilskotet samtidig som dei legg mindre vekt på reiseveg ved fordeling av midlar til tenestene. I forslaget legg departementet opp til ein kraftig reduksjon i inntekter til grunnskulen for kommunar med lange reiseavstandar. Departementet skriv at dei legg oppdatert datagrunnlag til grunn for endringa. Rådmannen er tvilande til at det har blitt lettare å drive grunnskule på små plassar enn tidlegare, og ber departementet leggje frem data som kan stadfeste eller avkrefte endringar i samanhengen mellom lang reiseveg og grunnskulekostnader.
- Suldal kommune meiner det er feil å endre inntektssystemet midt i ein kommunestrukturprosess. Med å leggje fram forslaget no seier regjeringa at det er økonomiske (og ikkje faglege eller strukturelle) grunnar for å slå saman kommunane. Regjeringa bør heller oppretthalde fokuset på fag og struktur, og utsetje nytt inntektssystem til etter at kommunekartet er lagt.

Saksutgreiing ligg ved.

Med helsing

Gerd Helen Bø
ordfører

Kopi til:
Ronny Mehus Rugland

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng derfor inga underskrift.